



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

## Ekstraavgåve for hytteeigarar

Mars 2008 Årg. 15



### Rett frå dunken

#### Bruk [www.sim.as](http://www.sim.as)

SIM har fått nye og meir brukarvenlege nettsider. Der finn du alt du treng å vita om vår hytterenasjonsordning.

Gå inn på [www.sim.as](http://www.sim.as), velg "Privat" og deretter "Hytterenasjon" i venstremenyen. Ynskjer du å koma i kontakt med SIM, gjer du det enkelt elektronisk via nettstaden.

#### Sikker transport til miljøsentralen



- Føraren av bilen har ansvar for at lasta på tilhengjaren er forsvarleg sikra, minner

avdelingsleiar **Gunnar Thormodsæter** ved Stord trafikkstasjon om. Unngå at bos vert liggjande langs vegen på grunn av dårleg sikra last.



Sommaridyll. Men ikkje utan at renovasjonsordninga fungerer.

Foto: Magne Langåker

# Velkommen på hytta

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) ynskjer deg velkommen til ein triveleg hyttesesong i vakker sunnhordlandsnatur. Vår jobb er å sørge for at du vert kvitt avfallet ditt på ein miljømessig god måte. Har du forslag til korleis me kan gjera ein betre jobb, høyrer me gjerne frå deg.

SIM sitt tilbod til hyttebrukarar er hyttekonteinarar, miljøsentralar og returpunkt for glas- og metall-

emballasje. Alle som betalar renovasjonsgebyr for fritidsbustad har lov til å bruka hyttekonteinarane. På miljøsentralane kan du levera avfall til gjenvinning. Meir om miljøsentralane på side 2. Opningstider finn du på baksida av bladet. Returpunkt for glas- og metall-emballasje finst på sentrale stader i kommunen der du har hytte.



## Ryddeaksjonar våren 2008

Hushalds- og hyttekundar som bur på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral, vert også i år inviterte til ryddedugnad. SIM stiller mannskap og utstyr, og det er gratis å levera avfall.

Årets ryddeaksjonar finn stad til følgjande tider:

### Fjelberg/Borgundøy:

Laurdag 12. april kl. 10.00-14.30.

### Varaldsøy:

Laurdag 3. mai kl. 10.00-13.00.

### Huglo:

Laurdag 26. april kl. 09.30-12.00.

### Espevær:

Laurdag 26. april kl. 11.00-14.00.

### Møkster, Litla Kalsøy og Lunnøy:

Laurdag 3. mai kl. 14.00-17.00.

Fastbuande i dei aktuelle områda får nærare informasjon tilsendt i Posten.

## Ikkje Halsnøy og Hundvåko/ Stora Kalsøy

I år vert det ikkje ryddeaksjonar på Halsnøy i Kvinnherad og Hundvåko/ Stora Kalsøy i Austevoll, slik det har vore før. Årsaka er at desse øyane har fått brusamband som gjer det mogeleg å køyra til miljøsentralen.

## Inga prisauke

Prisane for å levera avfall på miljøsentralen er dei same i 2008 som dei to føregående åra. Det kostar 100 kroner å levera mengder opptil 1,5 kubikk (om lag det du får oppi 15 bossekker). For mengder mellom 1,5 og 3 kubikk er prisen 200 kroner. For mengder over 3 kubikk skal det betalast kilopris (etter vekt).

Hageavfall, farleg avfall, EE-avfall, glas- og metallemballasje og plastemballasje kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralen. Betaling skjer over renovasjonsgebyret.



Naturmedisinsk aromaterapeut Inger Marie Oma er miljøbevisst og leverer målingrestane sine til miljøsentralen.

# - Bruk miljøsentralen

**- Eg er her eit par gonger i året. Miljøsentralen er eit godt tilbod som endå fleire burde bruka, seier stordabu Inger Marie Oma.**

SIM har seks miljøsentralar, ein i kvar av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes. På miljøsentralen kan du kvitta deg med avfall som du ikkje får plass til i hyttekonteinaren, eller som du ikkje har lov til å kasta der. Du må sjølv sortera avfallet ditt, men miljøsentralen er organisert slik at jobben går greit.

Alt avfall som SIM får inn på miljøsentralen og som kan brukast om att, går til gjenvinning; anten som råstoff for nye produkt eller som energi. Bruken av miljøsentralane aukar kraftig frå år til år.

Miljøstyresmaktene arbeider for å få ned mengda av farleg avfall som kjem ut i naturen, til skade for menneske, dyr og miljø. SIM har også dette som mål og ber hyttefolk hjelpa til.

- Kast ikkje målingrestar, beis, reingjeringsmiddel og anna farleg avfall i naturen eller i hyttekonteinaren, men lever det til oss. Då vert avfallet teke hand om på forsvarleg og miljøvenleg vis, seier kundehandsamar Olaf Skram på miljøsentralen i Svartasmoget.

Dette gjeld også elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall). Diverre

er det framleis slik at to av tre mobiltelefonar, elektriske leiker, klokker, radioar, barbermaskinar og andre småapparat hamnar i restavfallet, trass i at dei inneheld farlege stoff som kvikksølv, kadmium og brom.

### Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindauge (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

### Døme på EE-avfall

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrør, sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri og knappcellebatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar
- Blinkande joggesco

### Slik sorterer du på miljøsentralen

- Hageavfall
- Plastemballasje
- Papp og papir
- Trevirke
- Metall
- EE-avfall
- Kvitevarer
- Farleg avfall
- Trykkimpregnert materiale
- PCB-haldige vindauge
- Glas- og metallemballasje
- Dekk
- Restavfall

### Til sals på miljøsentralen


- Kompostjord og plenblanding
- Kompostbingar med strø
- Bossekker og bioposar
- Kjøkenspann til bioavfall
- Boksar for farleg avfall

# Om renovasjons- og slamtømmegebyra

SIM har som målsetjing at alle hyttekondar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr. Prisane ut frå SIM er då også like for alle kundar.

Likevel betalar hytteeigarar ulike gebyr frå kommune til kommune. Årsaka til dette er at kommunane legg på SIM sine prisar, for å dekkja sine egne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune.

## Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2008 (i kr, inkl. mva):




Gebyret skal uansett ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene med renovasjonsordninga.

### Gebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfallet
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering)
- Avgifter til staten
- Administrasjon og informasjon

## Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2008 (i kr, inkl. mva):



## Høve til sortering på hytta

Hyttebrukarar som ynskjer å sortera avfallet sitt kan få dunkar til å sortera i (bioavfall, papiravfall og restavfall). Dunkane må setjast fram til tømning på same stad og dag som fastbuande set fram sine avfallsdunkar (sjå SIM sin tømme kalender). Tømme kalenderen kan lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as), eller du kan få den ved å ringja SIM på tlf. 53 45 78 50.

Dersom du vel å gå inn på same sorteringsordning som fastbuande, må du også betala gebyr som for heilårsbustad. Sjå gebyroversikt på [www.sim.as](http://www.sim.as) under menyvalet "Hushaldsrenovasjon".

Dei som har hyttedunk med grønt lok må setja den fram til hente-staden den dagen det er tømning av restavfall.



## Her finn du hyttekonteinarane:

**OBS! Hyttetun kjem i tillegg.**

### Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Kryss avkøyning Selvågen
- Nordrevågen
- Kolbeinsvik kryss v/lager vegstellet
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Gauksheim
- Fagerbakke vest
- Stolmabrua rasteplass
- Birkelandskryss
- Stolmen, Sørvikjø
- Stolmen kyrkje
- Vik-kryss (nordsida)
- Blånesvegen v/busstogg
- Hestevik-Bysessund v/snuplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

### Bømlo

- Langevåg Kåso
- Espevær
- Lykling
- Bærøy
- Finnås
- Moster v/banken
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsaldalen v/miljøsentralen
- Urangsvåg kai
- Bjørdalen v/busstogg
- Aga – kryss v/Rolfnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

### Fitjar

- Dåfjorden – Lønevåg
- Kuarvågen v/båthamn Koløy
- Helland
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide

### Kvinnherad

- Vestervik v/tunnel
- Stussvik v/vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve v/kryss til Skarvasete
- Gjermundshamn v/venterom
- Gjermundshamn v/butikk
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger
- Ænes campingplass
- Ænes 1 km sør for Fureberg tunnelen
- Løfallstrand ferjekai
- Rosendal v/bru
- Seimsfoss
- Dimmelsvik v/gamleposten
- Blådalen v/vegkryss til Matre
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra v/kaien
- Herøysund v/butikk
- Husnes v/Statoli
- Sunde ferjekai
- Valen (parkeringsplassen ved kyrkja)
- Ermland v/gamleskulen
- Utåker/Holmedal kryss riksveg
- Sydnes ferjekai
- Toftvågen
- Eidsvik v/gamleskulen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn
- Ranavik ferjekai
- Amavik
- Borgundøy

### Stord

- Studalen v/Drageset Spar
- Fjellgardane
- Eide (Fitjar)
- Vikanes
- Dåfjorden v/hyttefelt
- Meattjødno
- Føyno
- Huglo kai

### Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes
- Buavika/Holsvika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjørna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågenes v/kryss
- Eilerås v/steinbrotet på nordsida
- Birkeland
- Sveio sentrum v/butikkssentrum
- Lid
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Buå
- Buavåg
- Nordskog v/gravplass
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Vikse


### Tysnes

- Skorpo v/kryss
- Flakkvåg kai
- Espevik
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss
- Godøysund
- Gjersvikidet
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Reksteren - kryss til Amland
- Reksteren - Sunde kai
- Reksteren - kryss til Flygansvær
- Reksteren - Brattetveit v/møteplass
- Reksteren - Bruntveit v/kryss til kai
- Reksteren - v/skulen på Skår
- Reksteren - Hope v/kryss til Hopsund
- Reksteren - kryss til Kaldafoss
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai

Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



## Opningstider miljøsentralane

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdaalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00 – 14.00.  
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.  
30. september kl. 08.00–18.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.  
Påskeaftan stengt.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Påskeaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Påskeaftan stengt.



Det er ikkje  
problem å få  
vanlege handle-  
posar gjennom  
luka, og heller  
ikkje ein halv-  
full bossekk.

**SIM**  
nytt

## Boset skal *inni* konteinaren

Sørg for at du plasserer boset *inni* hyttekonteinaren, ikkje på utsida. Dermed er du med og held området reint og ryddig, og det vert triveleg for nestemann å bruka konteinaren.

Hyttekonteinarane har små innkastluker for at dei ikkje skal bli misbrukte av folk som vil kvitta

seg med grovavfall. Erfaring viser at konteinarar med store luker kjapt fyllest opp. Dermed vert det ikkje plass til hyttebrukarane sitt daglege avfall. Grovavfall skal til miljøsentralen.

Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom konteinaren er full, eller

boset flyt på utsida. Det same gjeld dersom du ser at uvedkomande nyttar konteinaren. Det er kun dei som betalar gebyr for fritidsbustad som har lov til å bruka hyttekonteinarane.

### Kompostjord og plenblanding

Kompostjord og plenblanding kan kjøpast på alle SIM sine miljøsentralar. Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar, og kr 300 per tonn for større mengder. I Svartasmoget og på Husnes er det råd å få hjelp til å lasta kompostjorda på tilhengjar (kr. 75 i tillegg). Ved dei andre miljøsentralane må du lasta molda sjølv.

### Om plassering av hyttekonteinarane

Tilbakemeldingar frå brukarane vert tekne med i vurderinga når SIM skal plassera ut hyttekonteinarar, eventuelt flytta konteinarar. Vårt inntrykk er at dei fleste synest ordninga er grei dersom det står ein konteinar langs vegen frå hytteområdet eller til butikk.

### Få konteinarar, oftare tømning

Hytterenovasjon er ei utfordring prismessig, all den tid bruken av hyttekonteinarane varierer mykje gjennom året. SIM har valt å ha nok konteinarar ute, og heller ta toppane ved å tømme konteinarane dobbelt så ofte i sommarhalvåret. Dette er billigare enn å setja ut fleire konteinarar, som likevel må tømmast heile året.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
telefon: 53 45 78 50  
telefaks: 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
www.sim.as

**SIM**

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)  
er avfallsselskap for kommunane Austevoll, Bømlo,  
Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.